



Laging av julemat er ein del av førjulsaktivitetane i barnehagen.

**Desember er prega av ein del faste tradisjonar som julevandring i kyrkja, nissefest og Lucia-dagen. I tillegg har vi laga leverpostei og smør. Vi er opptatte av å visa borna korleis mat vert laga. Vi lagar pølser, leverpostei og smør. Der kan barna vera med på så og sei heile prossessen.**

Dagen då vi laga leverpostei, kom Sparebankstiftinga på besøk og delte ut refleksvestar til alle ungane. Tusen takk til dei for denne viktige gåva.

Nissefest har vi hatt, og då går vi rundt juletreet og et graut. I år fekk vi besøk av Børsdalsnissen, Tradisjon tru set vi ut graut og håpar på at det skal komma nisse i tunet. Børsdalsnissen installerte seg i stabburet vårt.

Lucia feira skulekameratane våre saman med skulekameratane i Uskedalen barnehage. Dei gjekk i Luciatog og delte ut bollar til 4. og 7. klasse. Etterpå vart vi invitert inn på Bamsebu, der vi koste oss med bollar og saft. Dette vart ein stemningsfull morgon

No i november/desember har og dei små dverghønene våre byrja å leggja egg. Nokre av hønene skiftar fjørpels no, så det er litt mindre egg på beitet no på denne tida.

Vi i Dønhaug ynskjer alle ei god jul og eit godt nyttår.



Her vert det leverpostei.



Ivrige ungar er med i matlagingsprosessen.



Børsdalsnissen installerte seg i stabburet.



Veldig kjekt med nissebesøk.



Stor forskjell i storleiken på egga som dverghønsene legg.



Kjekt med Lucia-feiring saman med Uskedal barnehage.



Synnøve Handeland deler ut refleksvestar frå Sparebankstiftinga



Kyrkjevandring er ein del av førjulsprogrammet.

Tekst og foto: Dønhaug gardsbarnehage v/Helene H. Bjørnebøle Nett:  
Thor Inge Døssland.